

De kommunale økonomiske problemene i Fjell er først og fremst skapt av det flertallet som har styrt Fjell kommune de siste seks årene.

Marianne S. Bjorøy

Ta utfordringa på alvor

INNLEGG: Me er i ferd med å endra våre fysiske livstilhøve – vårt felles livsgrunnlag på jorda. Me passerte nyleg 400 ppm (delar per million) CO₂ i atmosfæren, og er på stø kurs mot ei dobling av førindustrielt nivå og inn i ukjent og farefullt terreng. Me risikerer sjølvforsterkande tilbakekoblingar i karbonkretsløpet med potensielt dramatiske konsekvensar for økosystema på jorda. Overforbruket i den rike delen av verda forureinar og utarmar naturressursane våre – og Noreg har ikkje teke inn over seg at me er ein del av problemet. Dette må endrast dersom livsgrunnlaget vårt ikkje skal bli alvorleg skada.

Mennesket set sine økologiske fotavtrykk over heile kloden: Frå surare hav og smeltande polis, til øydelegging av korallrev, regnskog og andre økosystem. Me sjølve er hovudårsaka til desse endringane, og slepp ikkje unna effektane. I fattige delar av verda skapar klimaendringar og andre effektar av den vestlege forbrukskulturen ulevelige tilhøve for menneske. Konsekvensane vil eskalera dersom me ikkje endrar retning radikalt. Dette er den største globale utfordringa i vår tid.

For tida aukar verda sine klimautslepp med 3 prosent i året. Dette viser at utviklinga fylgjer det scenariet FN sitt klimapanel

karakteriserer som «business-as-usual» og at klimatiltak sett inn til no for å kutta utsleppa, ikkje monnar. Klimaforskarar slår alarm på bakgrunn av at jorda vår – natur, luft, hav og biosfære – ser ut til å respondera raskare og meir negativt enn det me før trudde. Smeltinga av isen på Grønland aksellererar no i eit tempo få trudde var mogeleg, og vèrmeldinga for store delar av verda synest å ha innstilt seg på ”stabilt ustabil”. Klimapolitikken er prega av gode intensjonar, men mangel på tiltak. Alvoret i situasjonen synest enno ikkje å vera erkjent, anna enn på det retoriske planet.

FN ber rike land om å kutta utsleppa med over 25 prosent fram til 2020 samanlikna med utsleppa i 1990. Ifølgje realiteten i klimaforliket er målet for Noreg i beste fall på 10 prosent. Tiltaka som er foreslått er så lite forpliktande at det er lite som tyder på at me klarar å nå sjølv dette målet.

Konkrete tiltak og aktive handlingsval må skje raskt, sidan eikvar utsetjing må betalast med renter. Det internasjonale energibyrådet har rekna ut at minst to tredelar av verda sine kjende fossilressursar ikkje kan brukast om me skal ha von om å unngå klimaendringar med svært alvorlege konsekvensar. Likevel satsar

Noreg framleis på oljeutvinning «til siste dråpe». Med dagens alvorlege klimasituasjon er dette uansvarlig politikk. Parallelt med ei nedtrapping av oljeverksemda må det satsast mykje sterkare på energisparing og berekraftige løysingar i alle sektorar.

For denne omstillinga må me ha nye røyster på Stortinget. Røyster som vil bidra til at politikken vår vil endrast og bli berekraftig. Noreg treng ei kraftig realitetsorientering som viser korleis oljeøkonomien vår bidreg til problemet og ikkje er ein del av løysinga. Miljøpartiet Dei Grøne er det partiet som i klarast peikar på denne utfordringa og som fremjar dei løysingane som no er naudsynte.

Dei Grøne vart nyleg kåra som det beste klimapartiet av alliansen Klimavalg 2013, føre både SV, Venstre og Raudt, og oppnådde høgaste karakteren i evalueringa av politikken som partia går til val på. Me treng eit blokkuavhengig parti på Stortinget som set livsgrunnlaget vårt øvst i realpolitikken. Dei Grøne er ikkje bunde mot vekstpartia Frp og Høgre slik Venstre er, eller mot Arbeidarpartiet og Senterpartiets sin oljepolitikk slik som SV. Me støttar difor Dei Grøne i det komande Stortingsvalet.

Vekstøkonomien krev auka

forbruk, samstundes som jorda kneler under vekten av livsstilen vår. Velstanden vår kan ikkje lengre baserast på ein vekstøkonomi der rovdrift på naturressursane blir sett på som ein naturlov. Sjølv no når dette trugar livsgrunnlaget vårt, er det logikken frå ”økonomiske lover” som styrer utviklinga. Å utvikla ein grøn samfunnsøkonomi i Noreg, som i andre delar av verda, er difor naudsynt. Kjøpekraft og forbruksvekst er ikkje ein føresetnad for å skape eit betre samfunn. I dag er det andre verdiar enn dei materielle som vil gje menneske eit betre liv.

Miljøpartiet Dei Grøne sitt verdigrunnlag byggjer på den grønne ideologien sin omtanke for naturmiljøet som me alle er avhengige av, i kombinasjon med den raude ideologien sin solidaritet med fattige og undertrykte i alle delar av verda. Målet er eit medmenneskelig samfunn i økologisk balanse. Økonomien må underordnast sunne økologiske prinsipp og fremja fred og rettferd, både lokalt og globalt. Dette er verdigrunnlaget for den politikken me treng for å byggja eit framtidsetta samfunn. Me treng ei politisk røyst i Noreg som viser at ”keisaren ikkje har klede”.

Norsk olje er ikkje redninga for verda. Fossil energi må fasast ut. Auka tilgang til fornybar

energi må kombinerast med redusert energibruk i den rike delen av verda. Me har teknologi og ressursar til å skape eit berekraftige samfunn. Dette må me byggja saman, og me må byrja no!

Me meiner at Miljøpartiet Dei Grøne har den mest presise forståinga av problem og løysingar knytt til livsgrunnlaget vårt. Partiet er i sterk vekst. Meiningsmålingar viser at representasjon frå fleire fylke er realistisk og tilslutning over sperregrensa på 4 prosent mogeleg. Dette representerer ei positiv utvikling som verda treng, og som me ynskjer oss.

Forskar på berekraftig utvikling, professor **Carlo Aall** Meteorolog, professor emeritus **Sigbjørn Grønås** Biolog, professor **Dag O. Hessen** Marinbiolog, forfattar **Audun Hjertager** Sosialantropolog, professor **Thomas Hylland-Eriksen** Sosialantropolog, rådgjevar **Linda Innbjør** Økologisk økonom, professor **Ove D. Jakobsen** Informasjonssjef, **Andrew Kroglund** Samfunnsmedisinar, professor emeritus **Gunnar Kvåle** Samfunnsmedisinar, førsteamanuensis **Ingvild Fossgard Sandøy**

Våken og i live!

INNLEGG: Den 17. juli hadde jeg et leserinnlegg i Vestnytt som omhandlet formueskatt og kommuneøkonomi. Dette leserinnlegget svarte Georg Indrevik fra Frp sin seniorgruppe på i Vestnytt 24. juli med overskriften ”Marianne: Du skal ikke sove”. Ikke vet jeg hva den overskriften har med formueskatt og kommuneøkonomi å gjøre, den er heller ikke beskrivende for svaret Georg Indrevik kommer med.

”Norge er ikke tjent med den politikken som blir ført i dag, hvor våre industriarbeidsplasser blir flyttet ut til utlandet, og/eller hvor vi bygger i utlandet, som følge av et for høyt kostnadsnivå i Norge, skap av vår sosialistiske regjering” skriver Georg Indre-

vik i sitt svar til meg.

Samtidig som han skriver dette kan vi lese i avisen Nationen av 17.07.13 at det i Norge har vært et rekordstort antall nyetableringer av bedrifter første halvår av 2013. Hele 17.660 nye bedrifter, som er omtrent som på samme nivå som året før, som var det beste året for nyetableringer etter finsanskrisen. Lederen av Bedriftsforbundet kommenterer tallene slik: ”En årsak kan være at regjeringen har gjort det enklere å etablere nye aksjeselskap. Det tror vi har vært positivt” sitat slutt.

Norge har i dag en arbeidsledighet på 3,7 prosent. Dette er veldig lave tall sammenlignet med resten av Europa. Eksempelvis har Sverige, som er styrt

av høyresiden, en arbeidsledighet på 8.4 prosent. Ungdomsledigheten er på 20 prosent. Da er det jammen bra at Norge har kunnet tilby femti tusen av Sveriges ungdommer jobb, ellers hadde det stått enda dårligere til hos våre naboer. Så noe må være gjort rett i Norge ettersom vi har høy sysselsetting, lav arbeidsledighet og høy bedriftsetablering.

Georg Indrevik skriver i sitt svar ”hadde skatteinntekten av det som fellesskapet har investert i Fjell kommune, for å få industrietableringer kunne blitt beholdt i Fjell, ville våre kommunale økonomiske problemer, skapt av sosialistene, vært borte”. Jeg bare må spørre – hva i all verden mener han med det?

De kommunale økonomiske problemene i Fjell er først og fremst skapt av det flertallet som har styrt Fjell kommune de siste 6 årene. Med politiske disposisjoner som har vært stikk i strid med all økonomisk fornuft og som den neste generasjons politikere må rydde opp i. Sikkert ikke alt som er like kjekt å arve!

Men det egentlige poenget i mitt leserinnlegg var at ved fjerning av formueskatten, som Frp og Høyre går til valg på, så vil Fjell kommune tape ca. 27 millioner kroner i frie inntekter som vi i dag bruker på å finansiere gode skoler, helse og omsorgstjenester og andre gode kommunale tjenester til innbyggerne våre. Indrevik skriver ingenting om hvor-

dan disse pengene skal kompenseres. Etter mitt syn er det som er interessant her...

Avslutningen i Georg Indrevik sitt innlegg er så lavmål at jeg blir skremt over at en mann som representerer seniorer i Frp kan fremholde slike holdninger. Men til opplysning – jeg er ikke død, sover gjør jeg heller ikke, og jeg er stolt av å kunne kalle meg sosialdemokrat!

Marianne S. Bjorøy
6. kandidat for
Hordaland Arbeiderparti

Mediedekningen gjør det lett å glemme at muslimer også er vanlige mennesker.

Warsan Ismail i Dagbladet

Norske anlegg heiter ikkje ”herrestadion,” men alle veit kven som har rangen på Lerkenal, Brann stadion og Ullevaal. Damer får sjeldan sleppe til.

Siri Lill Mannes i Stavanger Aftenblad

Jeg har brukt hele livet mitt til å betrakte avstanden mellom den amerikanske drømmen og den amerikanske realiteten.

Bruce Springsteen